

KOMMUNAL FORSKRIFT FOR INNSAMLING M.V. AV HUSHALDNINGSAVFALL,
TØMING AV SLAMAVSKILJARAR, TETTE TANKAR M.V. OG FOR GEBYR FOR
RENOVASJON OG SLAMTØMING
(KALLA RENOVASJONSFORSKRIFTA).

Kap. 1 Generell forskrift.	2
§ 2 Kva eigedommar er med i tvungen renovasjonsordning. Definisjonar.	2
§ 3 Handsaming av visse typar hushaldningsavfall.	2
§ 4 Tvungen renovasjonsordning og tvungen slamtøming. Søknad - vurdering - unntak.	3
Kap. 2. Innsamling m.v. av hushaldningsavfall.	4
§ 5 SUM sine plikter.	4
§ 6 Abonnten sine plikter.	4
§ 7 Utlevering av oppsamlingseiningar.	4
§ 8 Plassering av oppsamlingseiningar.	5
§ 9 Krav til kjøreveg.	5
§ 10 Bruk av oppsamlingseining.	5
§ 11 Avfall som vert samla inn ved egne henteordningar.	5
§ 12 Innsamling av hushaldningsavfall.	5
Kap. 3. Tøming av slam frå slamavskiljar.	6
§ 13 Abonnten sine plikter.	6
§ 14 Tøming av slamavskiljarar m.v. Minirensanlegg.	6
Kap. 4. Gebyr.	6
§ 15 Fastsetjing og betaling av gebyr.	6
§ 16 Utrekning av gebyr.	7
§ 17 Innkrevjing, renter m.v.	7
Kap. 5 Klager og straff.	7
§ 18 Søknad - Klage.	7
§ 19 Straff.	7
Forurensingsloven § 34 gebyrforskrift renovasjon samt Forurensingsloven § 26 jf. § 34 gebyrforskrift tøming slamavskiljarar kommunale vedtak:	8
FORURENSINGSLOVEN § 34, GEBYRFORSKRIFT RENOVASJON.	8
A Tabell.	8
B Mogleg gebyrreduksjon. Pålegg ved feil.	8
C Redusert bustadsgebyr, definisjonar / presiseringar.	8
D Sterkt redusert bustadsgebyr, definisjonar / presiseringar.	9
E Fritidseigedom utan særskilt behaldar.	9
F Fritidseigedom / utleigehytter med utlevert behaldar.	9
G Mogleg pålegg.	9

Forurensingsloven §§ 26 og 34: GEBYRFORSKRIFT tøming slamavskillarar. Gebyr f.o.m 2018.....	10
Gebyrtabell.....	10
Vedlegg 1: Skilje mellom hushaldningsavfall og næringsavfall	11

TØMING AV SLAMAVSKILJARAR, TETTE TANKAR M.V. OG FOR GEBYR FOR RENOVASJON OG SLAMTØMING (NEDANFOR KALLA
KOMMUNAL FORSKRIFT FOR INNSAMLING M.V. AV HUSHALDNINGSAV FALL, TØMING AV SLAMAVSKILJARAR, TETTE TANKAR M.V. OG FOR GEBYR FOR RENOVASJON OG SLAMTØMING (NEDANFOR KALLA RENOVASJONSFORSKRIFTA).

Forskrifta er gjeldande frå 01.07.04

By / Kommunestyrevedtak (kommune, dato og sak):

Vedteken i kommune:	Førde	Naustdal	Jølster	Gaular	Fjaler	Hyllestad	Askvoll
Saknr	26/04	21/04	24/04	47/04	70/04	55/04	76/04
Vedtaksdato	27.05.04	17.06.04	22.06.04	01.07.04	15.06.04	05.05.04	04.06.04

Forskrifta er vedteken i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (Forurensningsloven), § 26 tredje ledd, § 30 andre og tredje ledd, § 34 og § 83 siste setning. Sunnfjord Miljøverk vert skrive SUM i forskriftene.

Kap. 1 Generell forskrift.

§ 1 Gjeldande område.

Renovasjonsforskrifta gjeld oppsamling, innsamling og transport av **hushaldningsavfall** og tøming av slamavskillarar, tette tankar m.v.. Forskrifta gjeld for heile kommunen.

§ 2 Kva eigedommar er med i tvungen renovasjonsordning. Definisjonar.

I medhald av Forurensningsloven § 30 og denne forskrifta, er alle eiendingar som kan produsere hushaldningsavfall, tilknytta den kommunale / interkommunale renovasjonsordninga

Abonnement er gebyrpliktig eining

Abonnent er eigar av eigedom som inngår i den kommunale renovasjons- og slam-ordninga, jamfør

Forurensningsloven §§ 34 og 26

Farleg avfall (tidlegare spesialavfall) er avfall som ikkje hensiktsmessig kan behandlast saman med anna hushaldningsavfall eller næringsavfall på grunn av storleiken eller fordi det kan medføre alvorleg forurensning eller fare for skade på menneske eller dyr

Gjenbruksstasjon er interkommunalt driven mottaksstasjon for særlege avfallstypar

Hushaldningsavfall er avfall fra private hushaldningar, herunder større gjenstandar som inventar og liknande.

Næringsavfall er avfall fra offentlege og private verksemdar og institusjonar.

Returpunkt er til dømes stadene der glas-kontainerane og hyttedunkane er plassert

Sunnfjord Miljøverk IKS, SUM, er det interkommunale renovasjonsselskapet der kommunen er medeigar

Våtorganisk avfall er organisk avfall som er biologisk lett nedbrytbart (matavfall)

§ 3 Handsaming av visse typar hushaldningsavfall.

Visse typar avfall skal ikkje leverast i dei behaldarane som vert nytta for den vanlege henteordninga. Desse avfallstypane skal leverast til gjenbruksstasjonar, returpunkt eller andre offentlege eller private mottak.

Dette gjeld til dømes farleg avfall.

Det vert vist til eigne forskrifter utarbeidde og vedtekne på grunnlag av Forurensningslova.

Abonnten skal i størst mogleg grad gjere seg nytte av gjenbrukstasjonen og returpunkta som er oppretta gjennom SUM. SUM kunngjer kva mottak som er aktuelle, og selskapet kan spørjast til råds vedkommande avfallshandteringa.

§ 4 Tvungen renovasjonsordning og tvungen slamtøming. Søknad - vurdering - unntak

§ 4.1 Alle eigedomar i kommunen der det er oppført hus *som kan* nyttast slik at hushaldningsavfall vert produsert, jf. § 2, skal vere med i renovasjonsordninga.

§ 4.2 I medhald av Forurensningslova § 30 kan enkelte eigedommar unntakast frå ordninga. Mogleg unntak føreset skriftleg søknad frå ansvarleg heimelshavar eller innehavar, og etterfølgjande vurdering i høve til gjeldande lov-, forskrifts- og regel-verk

§ 4.3 Dersom ein bustadeigedom ligg slik til at det er vanskeleg å levere avfall i dei vanlege avfallsbeholdarane til dei tidene renovasjonsruta går (døme: må krysse fjord / vatn), kan eigedommen etter særskilt søknad og vurdering bli godkjent for ”sterkt redusert bustadsgebyr”. Dette tyder at det ikkje vil vere avfallsbeholdarar tilknytta eigedommen, men eigaren kan likevel gjere seg nytte av gjenbruksstasjonen samt returpunkta.

§ 4.4 Dersom ein renovasjonspliktig bustadeigedom vert ståande tom og heilt ubrukt (må dokumenterast skriftleg), kan eigaren etter 12 månader etter søknad (tyder: Som følgje av søknad) få renovasjonsfritak. Når søknad vert godkjent, skal eigaren syte for at utleverte dunkar vert levert tilbake til SUM. Eigaren kan ikkje gjere seg nytte av gjenbruksstasjonstenestene når det gjeld avfall frå eigedomen som har fått fritak..

Dersom ein slamtømepliktig bustadeigedom vert ståande tom og heilt ubrukt (må dokumenterast skriftleg), kan eigaren etter 12 månader etter søknad (tyder: Som følgje av søknad) få slamtøme-fritak. Ved fritak, har ikkje eigedommen utsleppsløyve.

§ 4.5 Eigedommar med vegtilkomst men som har meir enn 300 meter transport av avfallet fram til kjøreveg, kan etter søknad få ”redusert bustadsgebyr”.

§ 4.6 SUM er ansvarleg for kommunal renovasjon og slamtøming og utfører arbeidet med renovasjonen og slamtøming i samsvar med Forurensingslova og renovasjonsforskrifta.

§ 4.7 Kommunen krev inn gebyr for renovasjon og slamtøming. Etter eigen avtale, kan SUM - på vegne av kommunen - sende ut gebyrkrava.

§ 4.8 Med tilvising til Norsk Standard NS 3940 ”Areal og volumberegning av bygninger”: For at ein bygning skal vere renovasjons- og gebyrpliktig, skal den ha Bruksareal/ BRA 20 m² (tyder: det skal ikkje vere renovasjons- og gebyrplikt på einingar som har BRA som er mindre eller lik 20 m²).

§ 4.9 Fritidseigedommar er til dømes parsellar med påståande hytter.

Avfallet frå fritidseigedommar, skal som hovudregel visast til returpunkt, og avstandsgrense vil ikkje gjelde utover det som måtte framgå av Norsk Lov eller regelverk utarbeidd i medhald av lovverket.

Stølshus / sæl skal behandlast som fritidshus.

Permanent oppsett campingvogn (oppsett for tidsrom meir enn 3 månader) nytta som fritidsbustad og som står utanfor godkjend campingplass, skal delta i renovasjonsordningane og eigaren skal betale renovasjonsgebyr uavhengig av storleik.

Det kan utleverast oppsamlingseiningar til fritidseigedommar, jamfør Forskrift om gebyr i medhald av Forurensingsloven § 34, nedanfor kalla gebyrforskrifta.

§ 4.10 Tvungen slamtøming gjeld for alle eigedommar som har slamavskiljar eller tett tank .

Ingen har rett til unntak frå tømmeordninga, men kommunen kan gjere unntak der eigaren etter søknad og avtale syter for forsvarleg tømning **og** der slamavskiljar / tank er utanfor rekkevidde av det slamtømeutstyret som kommunen eller SUM nyttar.

§ 4.11 Søknadsbehandlninga følg reglane i Forurensingslova, jamfør Forvaltningslova. Det vert kravd skrifleg søknad og det vert rådd til å skrive så tydeleg og utfyllande som mogleg. Søknaden skal sendast til kommunen. I kurante tilfeller og der det vert gitt medhald, behandlar og avgjer kommunen søknaden.

Når det må ventast avslag eller når søknaden er mindre kurant, sender kommunen søknaden til SUM, og legg ved ytterlegare forklarande tilfang.

I SUM vert søknaden behandla av styret eller av dagleg leiar etter styrets fullmakt.

Ved avslag får søkjaren melding om klagerett. Vel vedkommande å klage, vert saka behandla i SUMs styre.

Dersom styret held fast på avslaget, går saka til endeleg behandling og avgjerd i Klageutvalet, jamfør

Selskapsavtalen for Sunnfjord Miljøverk IKS.

Kap. 2. Innsamling m.v. av hushaldningsavfall.

§ 5 SUM sine plikter.

SUM skal syte for at kvar eigedom har nok avfallsbeholdarar tilpassa kjøreruta til renovatøren og dei fraksjonar som skal sorterast.

Aktuelle behaldarstorleikar er: 140 l, 240 l, 660 l. Andre behaldarstorleikar kan vere aktuelle etter vurdering, og tømegbyret for desse vert fasett av SUM.

Innanfor ramma av lovverket og denne forskrifta, kan SUM pålegge abonnentane andre ordningar enn dei som først var godkjent dersom det viser seg at avfallshandsaminga ikkje er forsvarleg. Mellom anna kan abonnenten påleggast å auke behaldarvolumet.

Vedlikehald og utskifting av behaldarar ved normal slitasje vert gjort av SUM.

§ 6 Abonnenten sine plikter.

Abbonnten er ansvarleg for at bruken og plasseringa av avfallsbeholdarane i samsvar med denne forskrifta.

Abbonnten er ansvarleg for reinhald av behaldarane.

Behaldarane skal kun nyttast til avfallshandtering i samsvar med denne forskrifta. Ved misbruk / aktløyse som skadar behaldaren, skal abonnenten betale kostnaden med ny behaldar.

Det vert tilrådd at abonnentane merkar dei utleverte behaldarane med til dømes klistrelapp. Abonnenten er ansvarleg for at all merking som han har gjort, vert fjerna dersom behaldaren skal leverast tilbake til SUM. Behaldaren skal vere reingjort ved slik tilbakelevering.

Abbonnten er ansvarleg for særskilt merking dersom dette vert kravd av kommunen eller SUM.

Ved endringar i abonnentstilhøve, ved flytting o.l., er abonnenten ansvarleg for skrifleg å melde frå til kommunen. Endringa skal godkjennast av kommunen, og behaldaren som er utlevert, skal tilbakeleverast i reingjort stand.

Ved manglande melding vert den registrerte abonnenten fakturert alle kostnader i medhald av denne forskrifta.

Abbonnten vert pålagt å sortere (kjeldesortere) det avfallet som kan leverast i avfallsbeholdarane knytta til abonnenten.

Glas, farleg avfall og anna avfall som det *er* eller *vert* organisert gjenvinningsordning for, skal leverast slik kommunen eller SUM krev. Abonnenten vert pålagt å sortere det avfallet som vert levert til gjenbruksstasjonar, returpunkt og liknande.

§ 7 Utlevering av oppsamlingseiningar.

SUM kjøper, leverer ut og eig avfallsbeholdarane.

Kvar behaldar har eit nummer som samsvarar med namnet til ein abonnent eller ei gruppe abonnentar.

Abbonnten er pålagt å notere nummeret og oppgi dette når han tek kontakt med kommunen eller SUM i høve til avfallsordningane.

.

§ 8 Plassering av oppsamlingseiningar.

Abonnten kan sjølv velje kvar avfallsbeholdarane skal ha sin faste plasseringsstad utanom tømmedagane så lenge dette ikkje strir mot til dømes Plan- og bygningslova, Granelova, Veglova eller anna offentleg lov og / eller regelverk inkludert denne forskrifta.

På tømmedagen skal abonnten plassere beholdarane ved renovasjonsbilen sin kjøreveg på den hentestaden og til den tida SUM avgjer.

SUM kan tilsidesette abonnten sitt ønskemål til fordel for ei mest muleg effektiv avfallshandsaming.

Hentestaden er den staden der renovatøren hentar behaldaren og tømmer den i renovasjonsbilen. Hentestaden skal vere på trafikksikker plass maksimalt 5 m frå kjøreveg.

På hentestaden skal behaldaren vere lett tilgjengeleg på flatt og fast underlag på omtrentleg nivå med kjørevegen. Tilkomsten til beholdarane skal vere fri for hindringar som gjer hentinga vanskeleg; Abonnten er ansvarleg for snørydding.

Abonnten skal syte for at behaldarane vert transportert tilbake til eigeidomen / eller annan godkjent plass snarast muleg etter tøming.

§ 9 Krav til kjøreveg.

Kjøreveg som skal brukast til renovasjonsruta, skal ha snuplass eller vere gjennomgåande og ha kurvatur, stigningstilhøve, breidde og styrke som er tilpassa renovasjonsbilane. Om vinteren skal kjøreveg og hentestad vere brøyt og om nødvendig strødd.

På stikkveggar som har nødvendig standard, vert henteruta kjørt der det er minst ein heilårs-abonnt pr. 750 meter vegstrekning (tur / retur 1500 meter). I særlege tilhøve og etter nærare vurdering, til dømes dersom det vert utlevert avfallsbeholdarar til fleire fritidshus på ein stikkveg som elles ikkje vert kjørt, kan det bli avgjort at ruta skal kjørast i deler av eit år.

§ 10 Bruk av oppsamlingseining.

Behaldarane skal ikkje overfyllest (loket skal gå heilt att) og avfallet skal ikkje pakkast så hardt at tøming vert vanskeleg.

I oppsamlingseininga skal det **ikkje leggst**: Flytande avfall, varm oske, sprøyter (stikkande / skjærande), slakteavfall, farleg avfall. **Heller ikkje** avfall som kan skade renovasjonsmannskapet, renovasjonsutstyret eller sluttbehandlings/ gjenvinningsutstyret kan leggst i oppsamlingseiningane..

§ 11 Avfall som vert samla inn ved eigne henteordningar.

SUM kunngjer dei til ei kvar tid gjeldande innsamlingsordningar.

Restavfall (blanda avfall utan dei fraksjonar som abonnten er pålagt å skilje ut), vert samla inn gjennom eigen behaldar. Dette avfallet går til gjenvinning (til dømes energigjenvinning) eller til anna sluttbehandlingsløysing.

Papp/papir (går til material- og/eller energigjenvinning) vert samla inn ved hjelp av behaldaren for dette materialet (blått lokk), eller det kan leverast til gjenbruksstasjonen dersom abonnten *unntaksvis* ikkje har plass i den utleverte behaldaren.

Dersom det vert innført henteordning for matavfall (våtorganisk), vil dette avfallet bli samla inn gjennom eigne behaldarar etter rettleiing frå SUM. Inntil eiga mottaksordning eventuelt er etablert, vert denne typen avfall samla inn ved hjelp av behaldaren for restavfall (grått lokk).

§ 12 Innsamling av hushaldningsavfall.

Den som samlar inn avfallet, renovatøren, skal kun ta med avfall som er plassert oppi avfallsbeholdaren og der behaldarloket går att.

Renovatøren vil gjennomføre stikkprøvekontroll av avfall som er plassert i behaldarane, og han skal ikkje tømme avfallsbeholdarar med avfall som han oppdagar er feilsortert eller der behaldaren er overfylt, jamfør §§ 10 og 11. Abonnten må vere merksam på at alt avfall som vert levert via avfallsordningane, vert handsama i fleire omgangar til dømes gjennom kontrollar / ettersortering. Abonnten må vere merksam på at til dømes skriftleg avfallsmateriale kan bli sett av fleire i den vidare handsaminga. Han vil kunne få råd i høve til makulering ved å kontakte kommunen eller SUM.

Avfallet skal hentast regelmessig etter ein hentefrekvens som er avgjort og kunngjort av SUM. Innsamlinga skal utførast slik at abonnentane ikkje unødige vert sjenert av støv, støy og lukt. Behaldaren skal etterlatast attletne på hentestaden.

Under transport skal avfallet vere forsvarleg sikra slik at det ikkje fell av transportutstyret.

Kap. 3. Tøming av slam frå slamavskiljar.

§ 13 Abonnenten sine plikter.

Abonnenten skal syte for at anlegga som skal tømast, er lett tilgjengelege for tøming med bil. Overdekking av kumlokk o.l. med snø, is, jord, stein eller anna skal vere fjerna av abonnenten før tøminga skal gjerast.

Den som tømmer anlegget har rett til å plassere nødvendig utstyr på eigedomen for å få utført tøminga.

§ 14 Tøming av slamavskiljarar m.v. Minirensanlegg

SUM er ansvarleg for i god tid å varsle om kva tid tøming vil bli gjort, slik at abonnenten kan førebu tøminga. Varselet kan til dømes skje ved skriftleg melding frå slamentreprenør til tankeigar.

For eigedomar med fast busetnad / heilårsbusetnad og med toalett tilknytt slamavskiljaren, skal tøminga gjerast ein gang annankvart år.

For eigedomar med fast busetnad / heilårsbusetnad utan at toalett er tilknytt slamavskiljaren og for fritidsbustader, skal tøminga skje ein gang kvart fjerde år.

Tette oppsamlingstankar skal tømast i god tid før dei er fulle og minst ein gang kvart år.

I særlege høve kan kommunen eller SUM – etter skriftleg og utfyllande søknad frå abonnenten - fastsetje annan tømefrekvens enn det som er inntekte ovanfor. Ved behandling av søknaden vil anleggets alder og tekniske standard bli vurdert, mellom anna med omsyn til belastning (utsleppsmengde). Ved evt. godkjenning av endra frekvens, vert gebyret også endra, jf. gebyrforskrift.

Det vert ikkje godkjent tømefrekvens sjeldnare enn kvart 4. år.

Kommunale og private felles slamavskiljarar for fleire bustadhus, bustadfelt, verksemder, industriområder og andre typar byggeområder eller tettstader, skal tømast i samsvar med tømefrekvens oppgitt i utsleppsløyvet eller når kommunen / SUM avgjer at tøming må gjerast.

Tøming skal gjerast slik at abonnentane og grannane vert minst mogleg sjenert av støy og lukt. Anlegget skal etterlatast i lukka stand, det same gjeld for grindar, portar og dører slik at det ikkje oppstår fare for menneske eller dyr.

Minirensanlegg skal tømast / vedlikehaldast i samsvar kommunens godkjenning

Kap. 4. Gebyr.

§ 15 Fastsetjing og betaling av gebyr.

I samsvar med Forurensningslova § 34 (jf. § 26) skal kommunen fastsetje gebyr som dekkar alle kostnader som kommunen og SUM har med avfalls- og slambehandling, jamfør retningslinjer utarbeidd av SFT.

Kommunen vedtek gebyrregulativ og fastset gebyr.

Gebyra kan krevast inn over fleire terminar slik dette vert fastsett av kommunen.

For nye abonnentar vert gebyret rekna frå og med den 1. i månaden etter at abonnenten er innmeldt til den tvungne slam / avfalls-ordninga.

Tilsvarande vert gebyret rekna fram til siste dag i den månaden tenesta sluttar.

Ved nyregistrering eller endring som følgje av endra volumbehov og liknande, vert gebyret justert frå og med den 1. i månaden etter at endringa er gjort. Tilsvarande gjeld for slam-tankar.

§ 16 Utrekning av gebyr.

SUM får fullmakt til å fastlegge felles reglar for utrekning av renovasjonsgebyr.

Storleiken på gebyra for vanleg renovasjon og slamtøming vert fastlagt av kommunen.

Gebyret for tøming av slam vert fastlagt på grunnlag av storleiken på slamavskillaren / tanken.

Gebyret for mottak av avfall hos SUM, vert utrekna på grunnlag av vekt, volum eller annan utrekningsmåte. Dette gebyret vert fasett av SUM.

§ 17 Innkrevjing, renter m.v..

Gebyr, renter og andre kostnader er sikra med legalpant i pantelova § 6-1.

Kommunen eller SUM fakturerer den einkilde abonnent for gebyret. Eigaren / heimelshavaren er ansvarleg ved sein betaling eller anna misleghald, men først etter at han har fått den nødvendige varslinga.

Reglane i Lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 gjeld for renteplikt ved for sein betaling og for inndrivning av avgifter / gebyr.

Kap. 5 Klager og straff.

§ 18 Søkna - Klage.

Kommunen eller SUM kjem med pålegg og gjer vedtak i høve til denne forskrifta.


Vedtak som er gjort av Kommunen eller SUM, kan påklagast i medhald av Forurensingsloven § 85, jamfør Forvaltningslova.

Klage skal sendast til det organet som har gjort vedtaket. Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, vert den oversendt til den offentlege instansen som skal gjere endeleg vedtak.

§ 19 Straff.

Brot på desse forskriftene vert straffa med bøter, jamfør Forurensingslova § 79, andre ledd.

Forurensingsloven § 34 gebyrforskrift renovasjon samt Forurensingsloven § 26 jf. § 34 gebyrforskrift tøming slamavskillerar kommunale vedtak:

Vedteken i kommune:	Førde	Naustdal	Jølster	Gaular	Fjaler	Hyllestad	Askvoll	
Saknr								
Vedtaksdato								

FORURENSINGSLOVEN § 34, GEBYRFORSKRIFT RENOVASJON.

Gjeld frå og med 01.januar 2019

A Tabell

Storleiken på behaldar	140 l	240 l	660 l
Behaldar for restavfall	2.398	4.101	11.296
Behaldar for papp/papir	285	488	1.343

B Møgleg gebyrreduksjon. Pålegg ved feil.

Etter søknad vedlagt eventuelle avtaler, vert følgjande gebyrreduksjonar gjort mulege:

B1 Abonment som har avtale om heimekompostering, og som på dette grunnlag ikkje i det heile leverer våtorganisk avfall, kan etter søknad få reduksjon på kr 410,- i gebyret.

B2 Dersom kontrollar utført av SUM, kommunen eller den som på vegner av Kommunen / SUM hentar hushaldningsavfall viser feilleveransar i høve til B1, vert brukaren av avfallsbeholdaren kravd for tilleggsgebyr for heile perioden vedkommande har hatt avtale om reduksjon, likevel avgrensa til 3 år. Tilleggsgebyret er kr 1.000,- pr. år.

B3 Abonment som har meir enn 300 m avstand fram til vegen der renovasjonsruta går, kan etter søknad få redusert bustadagebyr til kr 1.330,- vert å betale så lenge vedkommande har avfallsmengder som i løpet av ei veke går opp i ein stk. 140 l restavfallsbeholdar. 2 abonnement (hovudhusvære og uleigehusvære) kan gjere seg nytte av felles 240 l restavfallsbeholdar. Kommunen eller SUM avgjer kvar behaldaren skal stå for å sikre leveranse og tøming. Det vert vanlegvis ikkje utlevert behaldar for papp/papir i slike høve.

B4 Einsleg person i sjølveigande bustad som ikkje har mulegheit til å levere i kombinasjon med andre, kan etter søknad få godkjent å betale minimumsgebyret, Jf. punkt C, så lenge vedkommande nyttar 140l behaldarar.

Fleire kan gå saman om avfallsbeholdarar, og gebyret vert fastsett i samsvar med dei kombinasjonsmulegheiter som kjem fram ved samanstilling av volumet.

C Redusert bustadsgebyr, definisjonar / presiseringar

Minimumsgebyret pr. husstand, jamfør punkt A og punkt B, uansett kombinasjon vert fastsett til ” redusert bustadsgebyr” kr 1.330,-

Det er ikkje høve til kombinasjonsvurdering mellom gebyra for fritidshus og vanleg bustad

1 husstand er sjølvstendige husvære med kjøken og toalett = 1 gebyrpliktig eining.

1 hybelleilegheit er 1 sjølvstendig husvære = 1 gebyrpliktig eining.

Inntil 3 hyblar med felles kjøkken og toalett, er 1 gebyrpliktig eining. 4

hyblar gjev dermed 2 gebyrpliktige einingar.

D Sterkt redusert bustadsgebyr, definisjonar / presiseringar

Renovasjonsforskrifta § 4.3 klargjer at enkelte eigedommar etter søknad kan få godkjent ”sterkt redusert bustadsgebyr” som følgje av vanskeleg normaltilkomst til den vanlege renovasjonsruta. Det er ikkje høve til å kombinere ”sterkt redusert bustadsgebyr” med andre rabatt-ordningar.

Sterkt redusert bustadsgebyr vert fastsett til kr 627,-

E Fritidseigedom utan særskilt behaldar

Renovasjonsgebyret for fritidseigedom (hytte), jamfør Renovasjonsforskrifta § 4, vert fastsett til kr 622,- pr. bu-eining i hytte i dei tilfelle der abonnenten leverer til oppsamlingsplass. For papiravhending, vert det vist til gjenbruksstasjonane.

F Fritidseigedom / utleigehytter med utlevert behaldar

Renovasjonsgebyret gjeld for eit heilt kalenderår, det vert ikkje opna for avkorting av årsgebyret ved tilgang / avgang innanfor året.

Renovasjonsgebyret for fritidseigedom (hytte) med utlevert behaldar, jamfør Renovasjonsforskrifta § 4, vert fastsett til kr 941,-der abonnenten får utlevert eigen restavfallsbehaldar.

Utleigehytter som er med i den kommunale / interkommunale renovasjonsordninga – utleigaren kan velje å delta i den kommunale / interkommunale renovasjonsordninga med enten alle eller ingen einingar - , skal ha utlevert eigen behaldar: 1 stk. 140 liters restavfallsbehaldar pr. bueining eller 1 stk. 240 liters restavfallsbehaldar pr. 2 bueiningar. Ved volumbehov utover dette, skal det betalast gebyr i samsvar med tabell A.

Papirbehaldar kan også leverast ut, gebyr som tabell A linje III.

G Mogleg pålegg

Etter Renovasjonsforskrifta kan abonnenten påleggast auka behaldarstorleik eller andre tiltak dersom behaldarane er overfylt / lokket ikkje kan latast att, eller dersom avfallshandteringa på annan måte ikkje skulle vere forsvarleg.

=====

Forurensingsloven §§ 26 og 34: GEBYRFORSKRIFT tøming slamavskillerar. Gebyr f.o.m 2019

Gebyrtabell

Ekstratømingane vert fakturert enkeltvis direkte til abonnenten frå SUM

Årleg gebyr for tøming etter oppsett tømepplan og varsling. I tillegg til prisane kjem mva.					
1 Årleg gebyr/stk Slamavskiljarar 0 – 4,5 m ³ , bustadar. Tøming kvart 2. år	2 Årleg gebyr / pr. stk Slamavskiljarar 0 – 4,5 m ³ , bustadar utan tilknytt toalett og fritidshus med og utan toalett. Tøming kvart 4. år	3 Pris pr. m ³ registrert totalvolum tank Slamavskiljarar ≥ 4,5 m ³ ≤ 30 m ³ . Tøming kvart 2. år	4 Pris pr. m ³ registrert totalvolum tank Slamavskiljarar ≥ 4,5 m ³ ≤ 30 m ³ . Tøming 1 gang pr. år	5 Pris pr. stk. Tette oppsamlings- tankar 0 – 4,5 m ³ . Tøming 1 gang pr. år	6 Pris pr. m ³ registrert totalvolum tank Tette oppsamlings- tankar ≥ 4,5 m ³ ≤ 30 m ³ . Tøming 1 gang pr. år.
Kr 1.202,-	Kr 646,-	Kr 416,- pr. m³ registrert tankvolum	Kr 822,- pr. m³ registrert tankvolum	Kr 1974,-	Kr 977,- pr. m³ registrert tankvolum
7 Etter tømepplan: Slamavskiljarar som vert avvatna og med volum > 30 m³: kr 1098+ mva/m³ registrert tankvolum pr. tøming					
7.1 Utanom tømepplan: Slamavskiljarar som vert avvatna og med volum > 30 m³: kr 1296+ mva/m³ registrert tankvolum pr. tøming					
8 Ved godkjent redusert tømefrekvens etter renovasjonsforskrifta § 14 3. ledd, vurderer og fastset SUM gebyret med bakgrunn i tankstorleik og ny tømefrekvens, jamfør kolonnene 1-6					
9 Gebyret for tøming av rensesrest frå minirensanlegg og andre / større rensanlegg vert fastsett av SUM på grunnlag av sjølvkostberekning.					
Ekstratømingar utanom oppsett tømepplan for dei ulike tank-typene (i tillegg til prisane kjem mva.):					
1.1 Pris pr. stk. pr gang for ekstratøming Slamavskiljarar 0 – 4,5 m ³ , bustadar	2.1 Pris pr. stk pr gang for ekstratøming Slamavskiljarar 0 – 4,5 m ³ , bustadar utan tilknytt toalett og fritidshus med og utan toalett	3.1 Pris pr. m ³ registrert totalvolum tank for ekstratøming Slamavskiljarar ≥ 4,5 m ³ ≤ 30 m ³ .	4.1 Pris pr. m ³ registrert totalvolum tank for ekstratøming Slamavskiljarar ≥ 4,5 m ³ ≤ 30 m ³ .	5.1 Pris pr. stk. pr gang for ekstratøming Tette oppsamlings- tankar 0 – 4,5 m ³	6.1 Pris pr. m ³ registrert totalvolum tank for ekstratøming Tette oppsamlings- tankar ≥ 4,5 m ³ ≤ 30 m ³
Kr 5.580 /gang	Kr 5.580 /gang	Kr 977/m³	Kr 977/m³	Kr 5.580/gang	Kr 977/m³
Dersom tøminga ikkje kan skje på grunn av manglande klargjering frå abonnenten si side, jamfør § 13 i "Kommunal forskrift for innsamling m.v. av hushaldningsavfall, tøming av slamavskiljarar, tette tankar m.v. og for gebyr for renovasjon og slamtøming", vert tøminga rekna som utført og ny tilkjøring vert rekna som ekstratøming					

Vedlegg 1: Skilje mellom husholdningsavfall og næringsavfall

Dette vedlegget er henta frå

Rapport nr. 9/2003

NRF - Samarbeidsforum for avfallshåndtering (direkte avskrift, difor bokmål)

Avfall fra	Vurdering	Avfallskategori
Studenthybler	Har normalt en lav grad av fellestjenester, f.eks lager studentene selv maten. Genererer iht Odelstingsproposisjonen og NBR-skjemaet <i>husholdningsavfall</i> .	Husholdningsavfall
Hybelhus	Det samme som for studenthybler vil gjelde andre hybelhus der bofunksjonen er det sentrale.	
Hytter, fritidsbolig, utleiehytter	Gjelder de med lav eller ingen grad av fellestjenester. Selv om hyttene leies ut hele eller deler av året er formålet å gi beboerne rom for hvile og anledning til matstell. Utleiehytter kan sammenlignes med studenthybler som iht Odelstingsprop. genererer <i>husholdningsavfall</i> .	
Eldre- og trygdeboliger	Eldre- og trygdeboliger er ofte på steder der det er noen grad av fellestjenester, men det anses at denne graden av fellestjenester er lav. F.eks vil det normalt ikke være felles matsservering. Boligene vil kunne defineres som bolig iht NBR-skjemaet. Avfall herfra anses derfor som <i>husholdningsavfall</i> .	
Boliger med service	Boliger med service er små boligenheter som er plassert i en bygning eller et bygningskompleks der det er mulighet for å få mat servert samt hjelp til ulike gjøremål. Dette vil etter NBR-skjemaet være definert som "bo- og servicesenter". Her tilbys liten grad av fellestjenester. Dette vil derfor generere <i>husholdningsavfall</i> .	
Internatboliger	Internatboliger i tilknytning til en skole med felles matsservering vil generere <i>næringsavfall</i> . Avfallet oppstår som en del av skolevirksomhetens tjenester. I følge NBRskjemaet vil dette sannsynligvis være "annen skolebygning eller bygning som har nær tilknytning til /tjener slike bygninger", dvs ikke bolig.	Næringsavfall
Campinghytter og utleiehytter med matsservering	Gjelder campinghytter, utleieleiligheter og -hytter som iht NBR-skjemaet er "annet", der det er en viss grad av fellestjenester og matsservering tilbys via en turistvirksomhet eller restaurant.	
Aldershjem	Dette er pleieinstitusjoner der beboerne har tilbud om pleie og får mat servert. Som regel er dette i tilknytning til behandlingstilbud. Sykehjem er klart definert som "Annet" i NBR-skjemaet, mens aldershjem antageligvis vil kunne defineres som "Bo- og behandlingssenter". Avfall herfra kan derfor anses som <i>næringsavfall</i> .	
Rehabiliteringsinstitusjoner		
Sykehjem		